



Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7972 - 23/1670

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.01.2023

Ferdigattest teknisk infrastruktur byggetrinn 3 - gbnr 137/185 og gbnr 137/803 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 027/23
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for teknisk infrastruktur i byggetrinn 3 innanfor reguleringsplanen Kubbaleitet på gbnr 137/185 og 137/803 slik det er søkt om.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.06.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottoken 03.01.2022.

Skildring

Adresse:	Reguleringsplanen for Kubbaleitet
Bygningstiltak:	Teknisk infrastruktur i byggetrinn 3, dvs. komplett anlegg for veg, vatn og avløp fram til bustadområde BB2, BB4 og BB5 <ul style="list-style-type: none">• Veg o_V3 profil 305-505• Parkeringsplass f_P2• Gangveg o_GV2 profil o-10• Kum S16 – S19 i veg o_V3

	<ul style="list-style-type: none"> • Kum S19 – S20 til byggetrinn 4 og felt BB5 • Vassleidning frå kum V7 i veg o_V3 • Kum O19-O21 i veg o_V3 og O50-O51 i parkeringsplass f_P2
Vatn og avløp:	Kommunalt

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7972

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 124 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Haugen VVA AS

Kanalveien 5 5068

BERGEN